

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015

Det var 14 representantar til stades.

Røysting

Innstillinga punkt 1 vart vedteken mot 6 røyster (A, SV, Sp).

Innstillinga punkt 2 vart vedteken mot 6 røyster (H, Frp).

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune er på generell basis positiv til etablering av nye privatskular som forbetrar tilbodet til elevane. I Bergen kommune er det i dag om lag 1000 elevplassar for mykje. Det er derfor naudsynt å gjere endringar i skulestrukturen, og det vil kome ei sak som tek for seg struktur på studiespesialiserande utdanningsprogram.
2. Ei godkjenning av ein ny privat skule i Bergen kommune vil ha negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen. Fylkesutvalet støttar ikkje søknaden om godkjenning.